

” Det kjennest pussig at folket på Os-sida skal ha så mykje billigare straum enn oss som bur i hjarta av Sunnhordland

LEIAR SIDE 4

Einaste tysnesing i ungdomsfiskeordninga

SIDE 6-8



FÅ FISKARAR: Medan 70 ungdomar frå Austevoll deltek i ungdomsfiskeordninga, er Nickolas Flatråker Siglevik (14) einaste tysnesing. Ordførar Kåre Martin Kleppe ynskjer seg fleire fiskarar i kommunen, både ungdom og vaksne.



Årets førsteklassingar

Måndag kunne Ugddal skule ta imot 33 nye førsteklassingar, medan Onarheim skule har fem førsteklassingar i år. To av dei er Emma Jociute og Emilie Barmen Johnsen. SIDE 10-11



Gir seg som vert

Rebekka Høgestøl har snart sin siste dag på jobb som vert på Årbakka Handelsstad.



Opplevingsrik rohelig

Den Store Roen gjekk av stabelen på Tysnes i helga. Det vart mange fine opplevingar på dei rundt 50 deltakarane. SIDE 14-15



BADING: Mange nytta høvet til å bada i sundet mellom Fluøyane. Her åt deltakarane lunsj og tok seg god tid. Dei hadde rett og slett den store roen. (Foto: Roy A. Nilsen/Kystkultur.no)

Fekk den store roen

Rundt 50 personar fordelt på vel 20 båtar deltok på Den Store Roen på Solstråleøya og Godøysund i helga.

Helen Frøyseth
helen@tysnesbladet.no

Den Store Roen er eit årleg arrangement som har blitt arrangert ulike stader på Vestlandet sidan 2018. I år var turen komen til Tysnes og områda kring Godøysund og Solstråleøya.

– Det var kanonfint ver, og det hjelper på. I tillegg var miksen av spennande farvatn og stader også tysnesingar aldri har vore før, ein god kombinasjon. Mange har køyrt gjennom akkurat sjølve Godøysund, men me tråkka litt utanom den vante stien. Østerspollen i Sjursvika på Vetla/Litla Godøy var nok ny for mange, der ordføraren var ein utmerkt føredragshaldar, fortel Kjell Magnus Økland, dagleg leiar i Stiftinga Kystkultur no!, som saman med Vestland Fylkeskystlag, Solstråleøya Venelag og Tysnes Kystlag stod bak arrangementet.

Rodde «kjapt klenodium»
Ordførar Kåre Martin Kleppe deltok på arrangementet for første gong.

– Eg har slekt som har vore med på Den Store Roen tidlegare, og då eg fekk tilbod av Sigvard Madsen om å vera med, heiv eg meg på. Me rodde rundt i eit kjapt klenodium: ein oselvar frå 1800-talet, fortel Kleppe.

Før han vart vald som ordførar i 2015 utdanna han seg til havbrukar. Det var noko han fekk nytta under arrangementet.

– Laurdag morgon rodde me til Sjursvika og gjekk inn til Sjursvikevatnet på Litla Godøy. Då fekk eg brukt bitelitt av utdanninga mi, og fortalde om opprett av østers, østerspollar, og korleis dei tradisjonelt har blitt brukte, fortel han.

Reiste heim for å få «Ernasøvn»
Den Store Roen byr på mykje historieforteljing og kulturformidling.

– Arrangementet får fortalt historier om lokalsamfunna, noko som bidreg til at me lærer litt om historia til kystsamfunna, alt frå sakrale stadnamn til østeroppdrett og eik, fortel Kleppe, som overnatta i hengekøye på Solstråleøya frå fredag til laurdag.

– Eg reiste heim laurdag kveld. Eg måtte nesten sova i mi eiga seng for å vera utkvilt til møtet med Erna (Solberg,

red. anm.) dagen etter, fortel han med eit smil.

Oppdaga nye stader på Tysnes
Når du deltek på Den Store Roen, ror du mykje kortare enn til dømes Tysnes rundt, og får oppleva nye plassar. Kjell Magnus Økland fortel at mange sette pris på å få oppdaga stader på Tysnes dei ikkje kjende frå før.

– Fleire eg snakka med gav uttrykk for at dei likte godt å oppleva noko nytt så nært seg. Sjølv om dei er frå Tysnes og har ferdast i friluftslivet, såg ein nye ark i boka. Det var litt min tanke med arrangementet og. Me ville prøva å peika på nokre ikkje så kjende og fine perler, som til dømes østerspollen. Me fortalde sjølvstøtt mykje om Godøysund og Solstråleøya, og viste fram Småsundet, eller Kyrkjesundet som var det gamle namnet av di folk frå Lunde rodde der til kyrkja, som den gong låg ute på Tysnes. Me rodde og forbi Gunnarsvika og rundt neset til Likvikjø, der dei kom med kistene for å få gravlagd folk i gamledagar, fortel Økland.

Base på Solstråleøya

Etter eit variert program laurdag åt deltakarane fiskesuppe på Mandelhuset og fekk høyra om solfenomenet på Tysnes, før roarane returnerte

til Solstråleøya, som var basen til deltakarane gjennom helga.

– Eg må få skryta over vene-laget og kystlaget. Det at det finst straum på Solstråleøya er eit stort pluss. Flytebryggje og scene er og flott, seier Økland. Søndag rodde deltakarane ut til Fluøyane.

– I sundet mellom dei to Fluøyane gjekk me i land på ei kritkvit strand, på ein stad som var ukjend for ganske mange, sjølv dei på Tysnes. Her åt me lunsj, bada og tok oss god tid. Me hadde rett og slett den store roen, seier Økland.

Innom Erleholmen

Deltakarane hadde og eit stopp hos Wenche Strømme, eigar av Erleholmen, naboholmen til Solstråleøya.

– Bestefar hennar spora opp enkemannen etter Ada Musgrove og fekk kjøpa holmen, som Strømme seinare har arva. Ho bur der halve året og folk fekk ei omvising. Det einaste bygget som i dag står att etter Musgrove er nauset hennar på Erleholmen, fortel Økland.

Søndagen vart avslutta med gryterett på Solstråleøya, laga av Arnhild Lunde, som og stod for betasuppe til deltakarane fredag.

– Det vart ei langsam avslutning fordi folk koste seg, bada, prata og ville nytta denne

stunda, før logistikken tilbake til kvardagen tok til, seier Økland, som ynskjer å takka lokale krefter for hjelp under arrangementet.

– Me fekk god hjelp frå folk frå kystlaget i Lunde, og Gunnar Önarheim stilte med dobåten, noko som er viktig, slik at roarane har høve til å gå på do, seier han.

Månskein over Godøysund

– Kva var høgdepunktet under arrangementet?

– Me skulle skyssa ordføraren heim seint laurdag kveld. Det å kunna køyra i flott månelys gjennom Godøysund, og det er heilt stille og så varmt at ein kan gå i shorts, det var veldig gøy og kan tilrådest.

– Men du må vita kva du gjer når du køyrer i desse sunda, du må vera kjend, legg han til.

Kan bli lokal vri neste år

Den Store Roen vil ikkje bli arrangert på Tysnes neste år. Fylkeskystlaget tenkjer på arrangementet som noko som flyttar seg til ein ny stad kvart år.

– Men ein ser jo gjerne at det vert lokale avleggjarar. Det er veldig mange fine stader på Tysnes ein kunne vist fram på eit slikt arrangement, som til dømes Bårsund, Vernøy, Ånuglo for å nemna nokre, meiner Økland.



RODDE KJAPT KLENODIUM: Ordføreren deltok på Den Store Roen, i båt frå 1800-talet. Her ror dei gjennom Småsundet. Frå venstre: Sigvard Madsen, Kåre Martin Kleppe, Tore Næss og Magne Lunde. (Foto: Ingrid Storetvedt)



FLOTT SYN: Alle båtane samla. Biletet er knipsa mot aust frå Godøysund bru ved Gåsevika. (Foto: Roy A. Nilsen/Kystkultur.no)



NYDELEG VER: Foto frå sundet mellom Fluøyane sett mot sør, med Veessøyane og Dallandsfjellet i bakgrunnen. Her gjekk deltakarane i land på ei kritkvit strand, på ein stad som var ukjend for ganske mange, sjølv dei på Tysnes. (Foto: Roy A. Nilsen/Kystkultur.no)



DUKANESET: Deltakarane var innom Kolerakyrkjegarden frå 1849 på Dukaneset. (Foto: Roy A. Nilsen/Kystkultur.no)



POSTKORTVAKKERT: Biletet er teke nordom Godøyskautet, med Tysnessåta og Hovlandsnuten i bakgrunnen. (Foto: Roy A. Nilsen/Kystkultur.no)



GAV MEIRSMÅK: Sabine Koch er friluftsmenneske, men hadde aldri rodd oselvar før ho deltok på Den Store Roen. Det gav meirsmak! Her fotografert i middelhavssundet rett ved gamle Godøysund fjordhotell. (Foto: Privat)

Debuterte som roar

Sabine Koch, leiar for Barnas Turlag Tysnes, hadde aldri rodd oselvar før ho deltok på Den Store Roen i helga.

– Eg likte arrangementet veldig godt, og føler meg ganske heldig som fekk oppleve dette, seier Koch.

– Me hadde eit flott program utan at det vart stressande, og opplevde mykje. Og me var jo så heldige med veret! Dette var første gong eg rodde, og du må ikkje kunna noko særleg om robåtane og ro-kultur for å bli med. Eg vart godt teken imot som nybyrjar. Blemmene på hendene vart heller ikkje så veldig ille, takk vere gode tips frå erfarne med-roarar, fortel ho.

Koch er friluftsmenneske, difor var teltovernatting og ei helg ute veldig freistande.

– Det å kombinera det med ein ny aktivitet på vatnet var midt i blinken for meg. Helga var heilt perfekt, og båtane synest eg passar godt for tur og utflukter. Dei er romslege og lettrodde, og når ein er fleire er det veldig sosialt også. Då kan ein også byta plass seg imellom, og få fine pausar. Og så fint det er i og rundt Godøysundet! Dette gav meirsmak!



SOLSTRÅLEØYA LAURDAG: Deltakarane fekk oppleve ein stemningsfull laurdagskveld med levande lys, musikalske innslag og foredrag. (Foto: Kjell Magnus Økland)



LÅG BRU: Foto teke ved det austre innløpet til Middelhavet som deler hotelløya i to. Her var brua så låg at ein måtte kroka seg i endane av båten for å koma under. Frå venstre: Musikar Vivian Steinsland og Jorunn Økland. (Foto: Kjell Magnus Økland)